



# **Budsjett 2022 Økonomiplan 2022 - 2025**

**Vedteke av kommunestyret 16.12.2021**

## Innhold

<b>1</b>	<b>FORORD .....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>HØYANGER KOMMUNE SINE STYRINGSDOCUMENT.....</b>	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL.....</b>	<b>7</b>
<b>5</b>	<b>ØKONOMIREGLEMENT – ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT .....</b>	<b>7</b>
<b>6</b>	<b>BUDSJETTFØRESETNADAR OG RAMMEVILKÅR .....</b>	<b>8</b>
<b>6.1</b>	<b>Sentrale føresetnader .....</b>	<b>8</b>
<b>6.2</b>	<b>Inntekter.....</b>	<b>8</b>
6.2.1	Skatt på formue og Skatt på formue og inntekt.....	9
6.2.2	Rammetilskot .....	11
6.2.3	Andre tilskot .....	12
6.2.4	Havbruksfondet.....	12
6.2.5	Eigedomsskatt.....	12
6.2.6	Kraftinntekter.....	13
6.2.7	Renter/avdrag .....	14
6.2.8	Driftskonsekvensar av investeringar .....	15
6.2.9	Utvikling lånegjeld .....	15
6.2.10	Driftsutgifter tenesteområda.....	16
6.2.11	Avsetningar/bruk av avsetningar .....	16
<b>7</b>	<b>STYRINGSKORT (MÅLEKART) .....</b>	<b>17</b>
<b>7.1</b>	<b>Overordna styreingkort .....</b>	<b>17</b>
7.1.1	Dekningsgrad .....	17
<b>7.2</b>	<b>Styringskort enkeltvise tenesteområde .....</b>	<b>18</b>
7.2.1	Oppvekst .....	18
7.2.2	Styringskort Plan og utvikling .....	18
7.2.3	Styringskort Sentraladministrasjonen .....	19
7.2.4	Målekart Kultur og folkehelse .....	19
7.2.5	Målekart Helse og omsorg .....	19
<b>8</b>	<b>OVERSIKT DRIFT .....</b>	<b>21</b>
<b>8.1</b>	<b>Oversikt drift tenesteområda .....</b>	<b>21</b>
8.1.1	Sentraladministrasjonen .....	21
8.1.2	Tenesteområde oppvekst .....	23
8.1.3	Tenesteområde Helse – og omsorg .....	27
8.1.4	Tenesteområde Plan og forvaltning .....	31
8.1.5	Tenesteområde Drift og vedlikehald .....	32
8.1.6	Tenesteområde Kultur og folkehelse .....	34
<b>9</b>	<b>INVESTERINGAR .....</b>	<b>37</b>
<b>9.1</b>	<b>120 - 190 Administasjon og interne serviceeininger .....</b>	<b>39</b>



9.2	202 Grunnskule – elektroniske lærermiddel.....	39
9.3	221 - 222 Skule og Barnehagebygg.....	40
9.4	241 - 254 Helse og omsorg.....	40
9.5	265 Kommunalt disponerte bustader .....	40
9.6	315 Kommunale bustadfelt.....	41
9.7	Næringslivet .....	41
9.8	330 - 332 Samferdsel og Kommunale vegar .....	41
9.9	339 Beredskap mot branner og andre ulykker .....	42
9.10	340 - 353 Vatn og avløp .....	42
9.11	360 Naturforvaltning og friluftsliv .....	42
9.12	381 Idrettsanlegg.....	42
9.13	390 Den Norske Kyrkje.....	43
10	<b>BUDSJETTSKJEMA .....</b>	<b>44</b>
10.1	Løyvingsoversikt – drift .....	44
10.2	Løyvingsoversikt – Investerings.....	45
10.3	Løyvingsoversikt – Investerings i varige driftsmiddel og utlån.....	46



## 1 FORORD

Budsjettrundskriv vart sendt tenesteområda i august. Tenesteområda har deretter utarbeidd sine framlegg som har vore drøfta i kommunedirektøren leiargruppe fleire gonger og med ei eiga samling 22. og 23. september. Kommunedirektøren si innstilling til budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025 vart lagt fram for politikarar, tillitsvalde og hovud-verneombod 4. november, og drøfta med organisasjonane 17. november.

Utvala skal handsame budsjettet den 11. november, formannskapet handsamar budsjettet 01. desember og det vert lagt ut til offentleg ettersyn den 02. desember.

Folketalsutviklinga viser framleis nedgang. Elevtalet i grunnskulane i kommunen vert redusert mot 2025. Tenesteområdet oppvekst må difor i planperioden redusere lønnskostnader og tilpassa bemanninga til dette. Innan tenesteområde helse og omsorg vil ein i perioden ha utfordringar knytt til aldrande befolkning og nye grupper ressurskrevjande brukarar.

Samla fordeling til tenesteområda i 2022 utgjer 347,9 mill. Det er ei auke i høve til revidert budsjett 2021 med 5 mill. Sum driftsutgifter utgjer 536,3 mill. som er ein auke på 23,6 mill. i høve til revidert budsjett 2021. Sum driftsinntekter er 541,5 mill. som er ei auke på 24,6 mill. i høve til revidert budsjett 2021. Skatt er redusert med 263 000 rammetilskot er auka med 51 000. Havbruksfondet er auka med 11,8 mill. og kraftinntektene er auka med 7,6 mill. Sum generelle driftsinntekter er auka med 12,025 mill. frå revidert budsjett 2021 til budsjett 2022. Rente og avdrag er auka med 5,048 mill.

Kommunedirektøren har nytta disposisjonsfond med 5,2 mill. i 2022 for å oppnå balanse. Sjølv om det vidare i økonomiplanperioden er lagt inn ytterlegare effektiviseringstiltak på 1% kvart år, er det likevel behov for å ta ytterlegare av disposisjonsfondet i perioden. Høgt investeringsnivå dei siste åra gjer utslag i auka rente og avdrag.

Det er ikkje berekraftig på lengre sikt å bruke av fonda for å balansere drifta. Det kan gå i eit kortare tidsrom men ikkje over tid, Høyanger kommune har som mål i økonomireglementet å setje av minst 1,75% av driftsinntekten til disposisjonsfond. Kommunedirektøren held fram med arbeidet i heile kommuneorganisasjonen for å tilpasse drifta til dei løpende inntektene. Dette arbeidet vil også berøra strukturar i kommunen. I 2021 har kommunen nytta prosjektstøtte frå konsulentelskapet PwC AS til gjennomføring av endring i tenesteområdet helse og omsorg. Denne vil verte iverksett på nyåret 2022. Det er sett av 2. mill. ekstra for å fullføre omorganiseringa og innplasering av stillingar.

Sum investeringar i varige driftsmidlar i 2022 er 56,9 mill. Investeringane er finansiert med bruk av lån, 55,9 mill. og sal av driftsmiddel 1 mill.

Investeringane er vidare i 2023 36,5 mill., i 2024 37,8 mill., og i 2025 35,2 mill, alle tal u/m.v.a.

Kommunedirektøren er uroa for den høge lånegjelda til kommunen. Med dei investeringane som er planlagde vil netto lånegjeld ligge på mellom 100 – 104% av



brutto driftsinntekter. Høyanger kommune har vedtatt i økonomireglementet at lånegjelda ikkje skal overstige 85%. Ein bør i framtida i større grad finansiere deler av investeringane med eigenkapital. Det kan blir krevjande å få til når ein må bruke dei oppsparte midlane i drift for å nå budsjettetbalanse.

**Plan for handsaming av dokumentet er**

Rundskriv frå kommunedirektøren	19.08.2021
Administrativ handsaming i tenesteområda	August – oktober
Frist tenesteområda for levering kommunedirektør	24. oktober
Kommunedirektøren presenterer sitt forslag for tillitsvalde og hvo	04. november
AMU handsamar budsjett	09. november
Ugndomsrådet handsamar kommunedirektøren sitt forslag	09. november
Råd for eldre og funksjonshemma handsamar kommunedirektøren sitt forslag	09. november
Útvala handsamar kommunedirektøren sitt forslag	11. november
Formannskapet handsamar budsjett	01. desember
Kommunestyret vedtar budsjett og økonomiplan	16. desember

Høyanger, 04. november 2021

Kjellaug Brekkhus  
Kommunedirektør



## **2 Innleiing**

Høyanger kommune hadde pr. 1. januar 2021 eit folketal på 4 049 innbyggjarar. I første halvår 2021 har folketallet gått ytterlegare ned til 4 023.

Ved utgangen av oktober 2021 var 1,9% av arbeidsstyrken i kommunen registrert utan arbeid hjå Nav. I fylket var talet 2,1% og på landsbasis 2,2%.

Høyanger kommune er i større grad blitt ein bustadskommune med netto utpendling. Det er ein klar samanheng mellom utvikling i sysselsetting og nedgang i folketal.

Høyanger kommune har på grunn av kraftutbygginga og havbruk høge frie inntekter. Kommunen leverar gode tenester til innbygjerarane i heile kommunen, noko som gir eit høgt drifts- og utgiftsnivå. Kommunen har og høglånegjeld, netto lånegjeld pr. innbyggjar i Høyanger kommune pr. 31.12.2020 er 144 202. Det er 31.423 høgre enn KOSTRA-gruppa kommunen tilhører og 64.257 høgre enn fylkessnittet.

Høyanger kommune har som mål i økonomireglementa å avsetje inntil 1,75% av driftsinntektene til fond og eigenfinansiering av investeringar. Målet er i tråd med sentrale føringar, men kommunen har dei siste åra ikkje makta å nå målet.

## **3 Høyanger kommune sine styringsdokument**

I plan og bygningslova, samt i kommunelova, stillast det krav til kva styringsdokument kommunen skal ha, innhaldet i dei og forholdet mellom dei. Høyanger kommune sine styringsdokument og samanhengen mellom desse er som følgjande:

### **Kommunal planstrategi**

Drøftar strategiske val knytt til samfunnsutvikling og sektorane si verksemd, og vurderer planbehov i valperioden med bakgrunn i dette. Tek stilling til om gjeldande kommuneplan skal reviderast.

### **Kommuneplanens samfunnsdel**

Omhandlar langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Skal gi grunnlag for tenesteområda sine planar og verksemd, og for prioritering av ressursar.

### **Kommuneplanens arealdel**

Viser hovudtrekka i arealbruken i kommunen, kva omsyn, restriksjonar og føresetnadnar som er knytt til nye tiltak og ny arealbruk, samt korleis areal skal nyttast for å møte framtidig samfunnsutvikling.

### **Kommunedelplanar**

Tek føre seg spesielle områder eller tema og gir føringar for desse. Er meir detaljert enn kommuneplanen.



## **Handlingsprogram med økonomiplan**

Utgjer samfunnssdelen sin handlingsdel, samt økonomiplan. Den viser både korleis samfunnssdelen skal følgjast opp og korleis midlane i kommunen skal disponerast dei neste 4 åra.

## **Budsjett**

Handlingsprogram med økonomiplan legg rammene for budsjettet.


## **Økonomirapportering**

Statusrapportering innanfor utvalde område/tema basert på vedtekne mål og prioriteringar.

## **Årsmelding og rekneskap**

Vurderer tenesteproduksjon, aktivitetar og ressursbruk i forhold til vedtekne mål.

# **Årshjulet**



## **4 Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Kommuneplanen si samfunnsdel er for tida under arbeid. Gjeldande plan er frå 2013, revisjon av planen var igangsett i 2017 og framlegg til plan vart sendt på høyring våren 2019. Av ulike grunnar vart arbeidet satt på vent fram til våren 2021. Ein tek sikte på å få vedteke planen i desember 2021.

Handlingsdelen av planen er som nemt i kapitel 3, vedteke ilag med budsjett og økonomiplan. Det er gjort for å få tettare kopling mellom oppfølging av samfunnsdel og prioriteringar av resurssar.

Ein har i år valt å ikkje vedta ein handlingsdel basert på ein kommuneplan som truleg vert endra i same møte som budsjettet. Ny handlingsplan, knytt til ny samfunnsdel vert innarbeid i samband med budsjett 2023.

## **5 Økonomireglement – økonomiplan og årsbudsjett**

Årsbudsjett og økonomiplanen skal realisere målsetjingar fastsett i kommuneplanen, planlegge nye tiltak og gi oversikt/kontroll over ressurstilgang og bruk, samt gi informasjon om verknader av fortsatt drift på dagens nivå.

### **Overordna økonomiske styringsmål**

Hovudmålet med budsjett og økonomiplan er å styre kommunen sin økonomi på kort og lang sikt, slik at ein sikrer økonomisk handlefridom til å gjennomføra kommuneplanen sine mål. Høyanger kommune sine overordna økonomiske styringsmål i arbeid med årsbudsjett og økonomiplan:

1. Budsjett og økonomiplan skal bidra til ei effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Dette gjennom ei løpende vurdering og tilpassing av tenesteproduksjon, sett i forhold til kommunen sine forventa inntekter.
2. Kommunen har som mål å setje av minst 1,75% av driftsinntektene til finansiering av investeringar og oppbygging av disposisjonsfond.
3. Den langsiktige gjeld utanom lån til vidare utlån, og lån til sjølvkostområdet skal ikkje overstiga 85% av brutto driftsinntekter.

### **Virkeområde/omfang**

Etter Kommunelova (KL) 14-3 skal kommunestyret kvart år før årsskiftet vedta budsjett og økonomiplan. Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal føljast opp. Økonomiplanen skal leggast til grunn ved kommunens budsjettarbeid og verksemda elles.

### **Ansvar**

Ansvaret for å utarbeide ein heilsakleg økonomiplan og årsbudsjett ligg hos kommunedirektøren. Formannskapet har ansvaret for å utarbeide/avgjera innstilling til kommunestyret.

### **Utarbeiding**

Kommuneplanen m/handlingsdel nyttast som grunnlag for utarbeiding av økonomiplan og årsbudsjett. I tillegg må ein ta omsyn til følgjande overordna økonomiske styringsmål;

- Sektorplaner
- Konsekvensjustert budsjett



- Årsreknesap
- Årsmelding
- Nasjonal rapportering (KOSTRA-data)

### **Årsbudsjettet skal**

- utgjere 1. år i økonomiplan
- bygge på prioriteringar i økonomiplan
- vere eit løvingsdokument og ein arbeidsordre til kommunedirektøren, dvs. at kommunestyret sitt budsjettvedtak angir bindande rammer for kommunen si verksemd kommande år.

## **6 Budsjettføresetnadar og rammevilkår**

### **6.1 Sentrale føresetnader**

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 8,6 %. I statsbudsjettet er auken i skatteinntektene i 2021 justert til 11,6 % utifra nivået på faktisk innkommen skatt i 2020.

For 2021 er det i statsbudsjettet lagt til grunn eit lønsvekstanslag på 2,8 %. Prognose for samla løns- og prisvekst (deflator) er 3,3 %. Denne består av 2,8 prosent lønsvekst og 4,0 prosent vekst for varer og tenester. Kostnadsveksten skuldast i hovudsak auka byggjekostnader og auka straumprisar. Deflatoren vert mellom anna brukta til å prisjustere rammetilskotet for komande budsjettår.

Høyanger kommune la i opphavleg budsjett inn ein lønsvekst på 2,7%. i tillegg vart det satt av 1,7% for å dekke overhenget frå 2020. Totalt vart det sett av 9 mill. til dekning av lønsoppgjer 2021.

Vidare vert det lagt til grunn at pensjonskostnadene vil utgjere 6,5 % for lærarlønn (Statens pensjonskasse) og 12,3 % for løn i dei andre sektorane (Kommunal landspensjonskasse).

### **6.2 Inntekter**

Kommunen sine inntekter omfattar skatt på formue og inntekt, overføringer frå staten, kraftinntekter, havbruksfond, kommunale gebyr og avgifter, vederlag for opphold på institusjon, salsinntekter, eigenandeler m.v.

Regjeringa legg i statsbudsjettet opp til ein samla vekst i kommunesektoren sine frie inntekter på 1,5 %. Det er i høve til pårekna inntektsnivå i 2021.

Det er rekna med ein nominell skattereduksjon for kommunane frå 2021 til 2022 med -0,1 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2022 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,4 prosent), lønsvekst (3,0 prosent) og reduksjon i det kommunale skatteøret.

Den store pårekna skatteveksten i 2021 (kr 5,0 mrd.) samanlikna med nivået lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett bidreg til at veksten i dei frie inntektene frå 2021 til



2022 blir låg. For å halde skattedelen av dei samla inntektene på eit stabilt nivå, blir skatteøret redusert frå 2021 til 2022. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøret blir justert frå 12,15 prosent i 2021 til 10,95 prosent i 2022.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2022.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 2,5 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i stats-budsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønsvekst 3,2 prosent
- Varer og tenester 1,6 prosent
- Samla prisvekst 2,5 prosent

Dei frie inntektene til kommunen består i tillegg til skatteinntektene, av eit innbyggartilskot, ei utgiftsutjamning og ei inntektsutjamning.

Det overordna føremålet med inntektssystemet er å jamne ut kommunane sine føresetnader for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntektene (skatteutjamning). Utgiftsutjamninga er grunngjeve med at demografiske, geografiske og sosiale tilhøve gir strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad kan påverke. For at kommunesektoren skal kunne gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må ein ta omsyn til slike strukturelle kostnadsskilnader når dei økonomiske rammene for den enkelte kommune blir fastsett. Eksempel på slike kostnadsskilnader er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innanfor kommunen. For å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadene blir òg inntektene utjamna. Skatteutjamninga omfattar inntekts- og formuesskatt frå personlege skatteytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. Dei øvrige inntektene frå kraft og eigedomsskatten er ikkje ein del av inntektsutjamninga.

Inntektssystemet inneholder òg tilskot som utelukkande er grunngjeve ut frå regional-politiske målsetjingar. Regionalpolitiske tilskot til kommunane er Nord-Norge og Namdalstilskot, småkommunetilskot, distriktstilskot Sør-Norge og storbytilskot.

Kommunar med særleg høg befolkningsvekst får eit eige veksttilskot. I tillegg blir det gitt skjønnstilskot for å kompensere for spesielle lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp av inntektssystemet elles.

### 6.2.1 Skatt på formue og Skatt på formue og inntekt

Budsjettframlegget for 2022 har eit skatteanslag på 132,6 mill, der naturressursskatten utgjer 15,8 mill. I høve til prognosene på skatteinngang pr. september 2021, som er på 134,7 mill., er endringa i 2022 -2,1 mill. Det er ein nedgang på 1,6 % i høve til prognose for 2021, men ein vekst på 8,5 % i høve til rekneskapsført inngang for 2020. Det er vanskelig å samanlikne desse åra direkte grunna forskyvning av frister frå 2020 til 2021. Det vil seie at 2020 er kunstig lågt og 2021 er kunstig høgt. Tall frå Statsbudsjett 2022 og beregninger frå KS gjer at ein prognose på 132,6 mill. synest realistisk.

Tabellen viser skatteinngang på landsbasis og for Høyanger for 2020, 2021 og budsjett 2022. Tala for 2020 er rekneskapsførte tal. Rekneskapsført skatt for 2020 er på 122,2



mill. Skatt pr. innbyggar for Høyanger er då 31.465. Dette utgjer 94,7 % av skatt pr. innbyggar på landsbasis.

Med det skatteanslaget som er føresett i nasjonalbudsjettet er skatt pr. innbyggar på landsbasis for 2022 34.771. Prognosene for Høyanger i KS-modellen er 132,6 mill. Prognosene for 2021 er pr. september 134,7 mill. Andel av landsgjennomsnitt er då 95,2 %. I framlegget til budsjett for 2022 er skatteanslaget for Høyanger kommune 132,6 mill. Skatt pr. innbyggar for Høyanger blir då 33.157 som er 95,4% av landsgjennomsnitt.

Skatt på formue og inntekt i planperioden:

	R 2020	Prognose 2021	Ks 2022	B 2022
Stipulert skatteinngang på landsbasis (1000)	168 892 423	188 400 000	188 300 000	188 300 000
Innbyggjarar landet	5 367 580	5 391 369	5 415 451	5 415 451
Skatt pr innb. Landet	31 465	34 945	34 771	34 771
Skatt pr innb. Høyanger	29 791	33 272	33 157	33 157
Andel landsgjennomsnitt %	94,7	95,2	95,4	95,4
Innbyggjarar Høyanger 01.01	4 101	4 049	3 999	3 999
Skatt Høyanger (1000)	122 174	134 717	132 594	132 594

Folketalet i Høyanger var 4049 01.01.2021, og 4023 den 01.07.2021. Frå 01.01.2020 vart Nessane grunnkrins ein del av Høyanger kommune.

	R 2020	RB 2021	B 2022	B 2023	B 2024	B 2025
Skatt på formue og inntekt	106 790	117 057	116 794	116 794	116 794	116 794
Naturressursskatt	15 385	15 800	15 800	15 800	15 800	15 800
Sum	122 175	132 857	132 594	132 594	132 594	132 594

Naturressursskatt vart oppretta i samband med eit nytt system for skattlegging av kraftføretak som vart innført f.o.m. 1997. Skatten er sett til 1,1 øre pr. kWh. og går til frådrag i Grunnrenteskatten slik at ikkje påverkar skattlegginga av kraftverka, men er ein omfordeling frå stat til kommune. Skatten inngår i kommunen sin samla skatt og påverkar inntektsutjamninga.



## 6.2.2 Rammetilskot

Dei einskilde element i rammetilskotet går fram av tabellen nedanfor.

Rammetilskot	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Innbyggartilskudd (likt beløp pr innb.)	105 025	101 249	105 135	105 326	105 841	105 865
Utgiftsutjamning	27 556	31 361	33 851	33 877	33 960	33 955
Overgangsordningar (INGAR)	3 118	511	-194			
Saker særskilt ford. (inkl. helse-stasjon, skolehelse og arb.avg.)	3 009	3 046	3 178	3 462	3 619	3 887
Distriktstilskudd Sør-Norge	6 096	6 158	6 097	6 038	6 038	6 038
Ekstra skjønn, tillegg pandemi Salderingar budsjett	4 485 747					
Sum rammetilskot før inntektsutjamning	150 036	142 325	148 067	148 703	149 458	149 745
Netto inntektsutjamning	1 476	-34	2 283	2 283	2 283	2 283
Sum rammetilskudd, avrunda	151 512	142 291	150 350	150 986	151 741	152 028

I tillegg til det som framgår av tabellen over har kommunen i 2021 motteke 8 mill. i overføringer knytt til covid pandemien. Samla rammetilskot for 2021 er 150,299 mill. Innbyggartilskotet er basistilskotet til finansiering av kommunane og blir fordelt med eit likt beløp pr. innbyggjar til alle kommunar. I 2022 utgjer det 101,8 mill. for Høyanger kommune.

Gjennom utgiftsutjamninga blir rammetilskotet justert gjennom omfordeling mellom lettdrevne og tungdrevne kommunar basert på ein kostnadsnøkkel. Kostnadsnøkkelen er samansett av mange kriterium som har betydning for etterspurnaden etter kommunale tenester. Dei ulike kriteria går på demografi, geografi, levekår og sosiale forhold.

Høyanger kommune får gjennom omfordelinga eit tillegg på 31,4 mill. Rammetilskotet vert også påverka av overgangsordningar (-0,2 mill.), saker særskilt fordeling (3,2 mill.) og distriktstilskudd Sør-Norge (6,1 mill.). Dette gjev eit rammetilskot før inntektsutjamning på 148,1 mill. i 2022.

Barnevernreforma trer i kraft 1. januar 2022. Kommunane vil som ein del av reforma få auka finansieringsansvar for ordinære fosterheimar og skal betale auka eigendelar for tiltak gitt av Bufetat. Kommunane vil få eit meir heilskapleg ansvar for oppfølging av fosterheimar. Kommunane skal bli kompenserte for auka ansvar gjennom auke i dei frie inntektene.

Den delen av rammetilskotet som er grunngitt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2021 til 2022, med priskompensasjon 2,5 prosent.

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennom-snittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem. I 2022 utgjer inntektsutjamninga 2,3 mill., og gjer ei samla overføring frå Staten på 150,4 mill.



Bortfallet av egedomsskatt på produksjonsutstyr (maskinskatten) vart kompensert med frådrag for ein eigenandel på kr 16 pr innbyggjar pr år i 2020. I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjettet for 2021 er den delen som blir kompensert redusert, og ytterlegare redusert i 2022. Eigendelen i 2022 er om lag 254 kroner per innbyggjar.

### 6.2.3 Andre tilskot

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2022 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2021 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2022:

- Kompensasjonsgraden blir videreført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslags-nivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,430 mill. til kr 1,520 mill. for netto utgifter i 2021. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2021 ( 2,8 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2022 skal kommunane , inntektsføre i sine rekneskap for 2021. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i beregningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå beregningsgrunnlaget.

### 6.2.4 Havbruksfondet

Stortinget beslutta i 2015 å opprette et havbruksfond. Fiskeridirektoratet har ansvar for utbetalingene. Havbruksfondet fordeler kommunal sektors andel av inntektene fra vekst i oppdrettsnæringen og inntekter fra avgiften på produksjon av laks, ørret og regnbueørret.

Det er vanskeleg å anslå kva utbetalingar frå Havbruksfondet utgjer år for år. Høyanger kommune engasjerte difor Kontali for å gjere eit estimat basert på tilgjengeleg informasjon p.t. Dei leverte følgjande tal for planperioden:

	2022	2023	2024	2025
Estimert utbetaling frå Havbruksfondet (mill.)	14,8	4,9	13,3	5

### 6.2.5 Egedomsskatt

Høyanger kommune har egedomsskatt på fast egedom i heile kommunen med maksimalsatsen 7%. Siste hovudtaksering for Høyanger kommune vart gjennomført i 2016, i tillegg er Nessane etter grensejustering taksert våren 2020. Maksimalsatsen for bustader og fritidsbustader vart satt ned frå 7% til 5% i 2020 og ytterlegare reduserast frå 2021 til 4%. For Høyanger utgjer denne endringa om lag 2 mill i 2020 og ytterlegare 1 mill i 2021. Det er inga endring i satsen for 2022.

Formuesverdien på kraftverk blir fastsett til avkstningsverdien, på grunnlag gjennomsnittleg avkastning dei siste 5 åra, to år før egedomsskatteåret. Det betyr at kraftprisen har stor betydning for egedomsskatten. Den låge kraftprisen i 2020 vil først få innverknad i 2022 .



Østerbø kraftverk, på Høyanger sørside, gjekk i drift i 2020. Grunnlaget for 2021 er investert kapital pr. 31.12.2019. Men frå 2022 og framover skal avkastningsverdien leggast til grunn. Med oppstart på hausten og svært låge prisar på kraft i 2020, blir eigedomsskattegrunnlaget bli uforholdsmessig lågt i 2022, og så auka år for år fram til normal verdi i 2026. Foreløpige grunnlagstal frå SFE og BKK viser ein reduksjon i grunnlaget på Østerbø kraftverk på om lag 95%.

Bortfallet av eigedomsskatt på produksjonsutstyr (maskinskatten) blir delvis kompensert via rammetilskuddet.

For planperioden er samla eigedomsskatt:

Eigedomskatt	B 2021	B 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Kraftselskap	25 286	22 045	22 882	25 553	25 553
Nærings	11 138	10 607	10 607	10 607	10 607
Nærings Maskinskatt	2 226	1 670	1 113	556	-
Bustader/fritidsbustader	3 306	2 645	2 645	2 645	2 645
Bustad/nærings	38	31	31	31	31
Landbruk	125	125	125	125	125
<b>Sum</b>	<b>42 119</b>	<b>37 123</b>	<b>37 403</b>	<b>39 517</b>	<b>38 961</b>

## 6.2.6 Kraftinntekter

### Konsesjonskraftinntekter

Eigarar av magasinkraftverk skal som ein del av konsesjonen avgj om lag 10% av utbygd kraft som konsesjonskraft, avgrensa oppover til alminneleg forbruk i kommunen. Høyanger kommune har rett til uttak av ca. 111,9 GWh konsesjonskraft. I tillegg vil vi når Østerbø kraftverk er i produksjon få ytterlegare ca 10 GWh. Uttaket er innanfor kommunen sitt forbruk til alminneleg forsyning. Prisen for konsesjonskraft er fastsett av NVE på grunnlag av ein gjennomsnittlig kostpris. For 2021 utgjer den 114 kr/MWh + overføringskostnader på om lag 20,0 kr/MWh

### Heimfallsinntekter

Ved utløpet av konsesjonstida for kraftverk i privat eige, går eigarskapet vederlagsfritt over til staten (Statskraft). Kommunane har då rett på ein andel av overskotet. Dette kan utdelast som ein eingongssum eller i årleg godtgjersle. Høyanger kommune har nå verka i Høyanger vart overført frå Hydro til Statskraft, avtalt årleg uttak av om lag 169 GWh kraft som dei kan selje vidare i marknaden. I motsetning til konsesjonskrafa er denne krafa skattepliktig både for kommunen og Statskraft. Vi betalar derfor i tillegg til konsesjonskraftprisen, Statkraft sitt utlegg til grunnrenteskatt, og 22% skatt av kommunen sitt overskot av salet. Det gjer at avkastninga til kommunen av denne krafa er lågare enn for konsesjonskraft.

### Budsjettering av sal av kraft

Kraftprisen svingar mykje gjennom året og også frå år til år, og for å sikra føreseieleg avkastning frå kraftsalet, har kommunen dei fleste år sikra om lag eit år fram i tid. For heimfallskrafa er det på grunn av grunnrenteskatten som blir utrekna på grunnlag av



spotprisen, ein risiko å selja all krafta til fastpris. Delar av heimfallskrafta er seld til lokale bedrifter til fast pris og i tillegg nyttar vi om lag 10 000 MWh til eigne bygg.

Det er inngått avtale med Ishavskraft AS om sal av konsesjonskraft i 2022. I NO3 (63GWh) til fast pris på 324,3 kr/MWh i forhold til systemprisen. Det vil sei at vi betalar eller mottek differansen mellom spotpris og områdeprisen. Eventuelle avvik mellom systempris og NO3 er ikkje sikra. Konsesjonskrafta i NO5 (39GWh) er solgt til fast pris 379 kr/MWH.

I tillegg er det avtalt med Vadheim Kraft AS om finansielt oppgjer for 2,5 GWh konsesjonskraft frå Dyrnesli kraftverk frå 01.11.2017 og fram til NVE har fastsett endeleg konsesjonskraftvolum, oppgjerset er knytt til spotpris.

I samband med at Nessane vart ein del av Høyanger 1.1.2020 blir det endring i fordelinga av kraftinntektene frå Høyangervassdraget. I påvente av at Sentralskattekontoret og NVE fastset ny fordeling av kraftressursane har Nye Sogndal og Høyanger kommune blitt einige om å fordele desse inntektene på grunnlag av den utgreiinga Telemarksforsking gjorde i forkant av vedtaket om grensejustering. Etter rapporten utgjer det 1 630 MWh konsesjonskraft og 7 140 MWh heimfallskraft. Sogndal kommune skal selja all krafta og Høyanger får overført sin andel av nettoen, i tråd med gjeldande avtale.

Nordpool er ein marknads plass for fysisk handel med elektrisk kraft som fastset prisen på elektrisk kraft får dag til dag i dei ulike prisområda, spotprisen. Nasdaq Nordic Power er ein børs for finansielle straumkontraktar framover i tid og gjev difor føringar på kva ein kan forventa på framtidige straumleveransar. For resterande del av heimfallskrafta er det benytta prognosar frå Nasdaq.

Med desse føresetnadene vil konsesjonskrafta i 2021 gje oss eit netto bidrag på 18,5 mill. og heimfallskrafta 17,6 mill.

#### **Regulerings- og konsesjonsavgifter:**

Regulerings- og konsesjonsavgifter er ein kompensasjon til distrikta som er omfatta av ei utbygging og eit verkemiddel for at distrikta skal få del i det økonomiske utbyttet av ei utbygging. Konsesjonsavgiftene er bundne midlar der bruken er regulert etter reglar for konsesjonsavgiftsfond. Kommunen får årleg 9,5 mill. i konsesjonsavgifter. I tillegg skal Sogndal i følgje overnemnte avtale overføre 0,2 mill i konsesjonsavgifter.

#### **6.2.7 Renter/avdrag**

Med dei investeringar som er føresett i økonomiplanen for 2022 til 2025, vil ein få følgjande renter og avdrag i drift i planperioden:

	Reg. budsjett 2021	Budsjett 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Renter ordinære lån	8 125	11 560	15 218	17 306	17 728
Herav forvaltningslån	471	632	1 104	1 242	1 182
Avdrag ordinære lån	25 283	26 896	26 683	28 886	30 111

Beløpa er inklusiv finansiell leasing.



## 6.2.8 Driftskonsekvensar av investeringar

Kommunen sin investeringsplan er på **166,5 mill. eks mva** i økonomiplanperioden, og er finansiert med lån på 161,650 mill, sal av varige driftsmidlar 1,6 mill og overføring frå drift 3,250 mill. I same periode betalar vi avdrag med 112,575 mill. slik at lånegjelda aukar med 49,080 mill. Lån til sjølvkost utgjer 39,5 mill.

Driftskonsekvensen av auka lånegjeld kjem først året etter investeringa, men akkumulerer seg opp for kvart år med auka lånegjeld. Tabellen nedanfor syner driftskonsekvensane i økonomiplanperioden av investeringane i perioden 2022 til 2025.

For sjølvkostområdet vatn og avlaup (VA) inngår auka kapitalkostnader i gebyra til abonnentane, og påverkar i prinsippet ikkje resultatet til kommunen. Det føreset at auka gebyrinntekter er med på å finansiera auka rente og avdrag. I økonomiplanen er det difor lagt inn reduksjon av nettotorama for tenesteområde plan og utvikling, som følgje av auka gebyrinntekter.

Samla gir investeringane i perioden 2022 til 2025 auka driftsutgifter med 3 mill., der 2 mill. blir dekka av auka gebyrinntekter.

Lån	2022	2023	2024	2025	Sum
Opptak av lån til investeringar	-56 205 000	-35 025 000	-36 550 000	-33 875 000	-161 655 000
Herav lån til VA	-9 500 000	-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000	-39 500 000
Herav finansiell leigeavtale	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	26 896 000	26 682 000	28 886 000	30 111 000	112 575 000
Auke lånegjeld	-29 309 000	-8 343 000	-7 664 000	-3 764 000	-49 080 000
Årleg auke i rente og avdrag	0	1 993 012	567 324	521 152	3 081 488
Herav VA		646 000	680 000	680 000	2 006 000
Auka driftskostnader pr år		1 347 012	-112 676	-158 848	1 075 488
Akkumulert driftskonsekvens		1 347 012	1 234 336	1 075 488	

## 6.2.9 Utvikling lånegjeld

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Langsiktig gjeld 1.1	565 186	629 233	668 735	697 444	706 087	713 751
Lån sjølvkost	55 144	66 409	74 479	81 097	88 215	95 333
Formidlingslån	45 384	45 955	52 355	53 755	55 155	56 555
Andre lån	464 658	516 869	541 601	562 592	562 717	561 863
Sum Driftsinntekter	518 662	516 991	541 521	541 521	541 521	541 521
Lånegjeld i % av driftsinntektene	89%	100 %	100 %	104 %	104 %	103 %



Høyanger kommune har som mål i økonomireglementet at langsiktige gjeld utanom lån til vidare utlån, og lån til sjølvkostområdet ikkje skal overstiga 85% av brutto driftsinntekter. Med investeringane i budsjettet og økonomiplanen vil kommunen, som det går fram av tabellen ovanfor, overskrida dette målet.

#### 6.2.10 Driftsutgifter tenesteområda

Utgangspunktet for berekning av tenesteområda sine budsjetttramme for 2022 er budsjett for 2021, med tillegg for varige endringar ifrå 1. tertial. Lønsveksten er stipulert til 2,8% i 2021.

Tenesteområda har arbeidd for å halde seg innan ramma, men ein har på dei fleste områda gått utover ramma for å dekke prisvekst og andre nye tiltak. Det er ikkje lagt inn uspesifiserte innsparingskrav på einingane i 2022, slik det var i 2021. Men det er i planperioden lagt i ein innsparing på 1% kvart år.

For å dekke lønvekst i 2022, 3%, og overheng er det satt av 9,6 mill.

Sjølv med vekst i kraftinntekter og inntekter frå havbruksfondet vert likevel behov for å bruke av disposisjonsfondet for å komme i balanse. Noko skuldast auka rente og avdragskostnadene og driftsnivået generelt. Ein må i åra framover ha eit enda større fokus på verksemddsstyring og på kva prioriteringar som vert gjort.

#### 6.2.11 Avsetningar/bruk av avsetningar

	Reg.					
	Budsjett R 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Øk. plan 2023	Øk. plan 2024	Øk. plan 2025
Avsetjing til bundne fond	14 008	10 077	10 077	10 077	10 077	10 077
Avsetjing til ubundne fond	20 584	-	-	-	-	-
<b>Sum avsetjing</b>	<b>34 592</b>	<b>10 077</b>				
Bruk av bundne avsetjingar	- 15 559	- 12 779	- 12 419	- 11 019	- 11 019	- 11 019
Bruk av ubundne avsetjingar	-	7 090	7 729	11 753	664	6 976
<b>Sum av bruk avsetningar</b>	<b>- 15 559</b>	<b>- 19 869</b>	<b>- 20 148</b>	<b>- 22 772</b>	<b>- 11 683</b>	<b>- 17 995</b>
<b>Netto avsetjingar</b>	<b>19 033</b>	<b>- 9 792</b>	<b>- 10 071</b>	<b>- 12 695</b>	<b>- 1 606</b>	<b>- 7 918</b>
<b>Dispositionsfond 31.12</b>	<b>- 46 769</b>	<b>- 39 679</b>	<b>- 31 950</b>	<b>- 20 197</b>	<b>- 19 533</b>	<b>- 12 557</b>
<b>Konsesjonsavgiftsfond 31.12</b>	<b>- 3 090</b>	<b>- 1 690</b>	<b>- 290</b>	<b>- 290</b>	<b>- 290</b>	<b>- 290</b>

Konsesjonsavgiftsfondet blir tilført regulerings- og konsesjonsavgiftene som utgjer årleg 9,554 mill med tillegg av 200 000 som midlertidig oppgjer frå Sogndal etter grensejusteringa. Av fondet blir 6.754.000 nytta til finansiering av avdrag i heile planperioden og 3 mill blir nytta til finansiering av tilskot til Høyanger Næringsutvikling. I 2017 vart fondet tilført 9,8 mill. i samband med utbygginga av Østerbø kraftverk. Desse midlane har etter den tid vore brukt til årleg å finansiera tilskot til kjøp av gardsbruk 0,4 mill. og tilskot til oppføring av bustad 1,0 mill. I tillegg vart det i 2020 brukt 2,5 mill. til breibandsutbygging. Bruken har vore noe mindre enn det som har vore budsjettet og det er difor att midlar til å dekke tilskota i 2022.

Etter bruken i 2022 er fondet redusert til 290 000 og tilskota på 1,4 mill. vert dekkja av driftsinntektene, og bruken av disposisjonsfondet blir tilsvarende større.



## 7 Styringskort (målekart)

Styringskarta reviderast årleg og tar utgangspunkt i kommunen målsettingar, satsingsområde og verdiar. Det skal vere eit leiarverktøy som gir prioriteringar og oppdatert styringsinformasjon om den einskilde eining/tenesteområde og kommunen som heilskap.

	Målsetting er innan rekkevidde
	Vere obs!
	Tiltak påkrevd

### 7.1 Overordna styreingkort

	2017	2018	2019	2020	Mål
Folketal – 2020	4154	4091	4101	4049	4308
Arbeidsplassar*	1668	1724	1682	1682	1775
Netto lånegjeld i kroner pr. innbyggjar	120 239	124 207	128 996	144 202	80 000
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	1,7	0,5	0,03	2,5	3
Plassering kommunebarometeret	319	310	358	301	100
Arbeidsløyse	2,6%	2,1%	2,4 %	2,2 %	2%

Fleire av måleindikatorane vil vere krevjande for Høyanger kommune å oppnå. Det er litt reduksjon i arbeidsløysa i kommunen sidan førre rapportering.

#### 7.1.1 Dekningsgrad

Produktivitet/einingskostnader	2017	2018	2019	2020	Mål
Del born 1-5 år med barnehageplass i %	92,4	91,5	90,4	90,4	>91
% elevar i grunnskulen som får spes.ped.	7,8	9	8,7	9,9	<10
Legeårsverk pr. 10 000 innbygg. Kommunehelset.	14,9	15,6	15,5	18,3	>13
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbygg. Kommunehelsetenester.	13,5	13,7	14	13,8	>10
% plasser i einerom PLO	100	100	100	100	100
% innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon.	17	19,5	15,5	14,8	>16
Sosialhjelpmottakarar i alder 25-66 år	89	109	103	89	<100
Sosialhjelpmottakarar i alder 18-24 år	26	27	26	22	<20
Barn med barnevernstiltak pr. innbygg. 0-22 år	6,3	4,5	5,8	4,2	<4
Kommunalt disponerte bustader pr. 1000 innbyggjarar	43	42	42	37	30
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggjarar	0,39	0,39	0,32	0,32	0,3

Høyanger kommune leverer gode tal på fleire av indikatorane. Andel elevar i grunnskulen som får spes.ped. er litt opp i 2020. Tal sosialhjelpmottakarar 25-66 år gjekk opp i 2018, men har gått litt ned att i 2019 og 2020.



## 7.2 Styringskort enkeltvise tenesteområde

### 7.2.1 Oppvekst

#### Barnehage

	2017	2018	2019	2020	Mål
Del born 1-5 år med barnehageplass i %	92,4	91,5	90,4	90,4	>91
Andel born 1-2 år med barnehageplass i forhold til innb. 1-2 år	80,6	75,4	74,5	86,2	>85
Andel born 3-5 år med barnehageplass i forhold til innb. 3-5 år	99,2	99,2	98,2	93,5	>97
Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning	94,6	94,8	93,5		>91,3
Leike og oppholdsareal per born i barnehage (m2)	5,9	6,7	7,1	7,6	>6

Barnehagedrift er over målsetting på alle indikatorar unntake % born med barnehageplass 1-5 år. Og andel born 3-5 år med barnehageplass i forhold til innb.

#### Grunnskule

	2017	2018	2019	2020	Mål
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	40,3	42,9	42,3	41,6	43
Elevar med direkte overgang frå grunnskule til vg. opplæring.	98,2	96,9	96,3	93,3	100
Gj. gruppestørleik 1.-10.årstrinn	9,5	11,7	12,7	11,2	11

Grunnskulen viser gode tal. Gjennomsnittleg grunnskolepoeng litt ned i 2020

### 7.2.2 Styringskort Plan og utvikling

	2017	2018	2019	2020	Mål
Årlig godkjende leikeplassar etter kommunaltekn. norm.	0	0	0	0	1
Årlig tal fullførte bustadar	1	8	4		5
Behandla bygesøknader i alt	96	57	72	108	
Årlege miljøfyrtårnsertifiseringar i kommunen	0	0	0		2
Gj. snitt sakshandsamingstid bygesak, 3 vekers frist	26	16	22	25	14
% av innbyggjarane tilknytt kommunalt avløp	78,9	80,2	80,2	81	84,4

Måleindikatorane knyter seg til målsetjingane i kommuneplanens samfunnsdel om folkehelse, folketalsauke, miljø og levering av gode kommunale tenester.



## 7.2.3 Styringskort Sentraladministrasjonen

	2017	2018	2019	2020	Mål
Sjukefråver i %	7,3	7,5	9,0	8,9	6,0
Ufrivillig deltid (personar)	39	49	*	30	25
Tal månadsverk	406,2	404,2	402,4	401,1	410

Vi har over tid arbeidd med eit mål om at sjukefråveret ikkje skal vere høgre enn 6,0%. Målet er å innfri dette i planperioden. Sjukefråverstala har stige noko frå 2017-2019. Men er redusert noko i 2020, foreløpige tal for 2021 viser fortsatt nedgang. Tal månadsverk må vidare ned gitt dagens rammevilkår.

\* Det er ikkje utført undersøking av ufrivillig deltid i 2020.

## 7.2.4 Målekart Kultur og folkehelse

	2017	2018	2019	2020	Mål
Elevar i kulturskulen	90	80	89	73	105
Besök i folkebibliotek pr. innb.	5,1	5,4	5,6	2,6	6,1
Netto driftsutgifter for kultursektoren pr. innb. i kr.	5462	5716	5617	5441	4000 +

Det er eit mål å oppretthalde dagens nivå på måleindikatorane innan kulturføremål. Tal elevar i kulturskulen har ein nedadgåande trend på lik linje med nedgangen i tal barn i kommunen.

## 7.2.5 Målekart Helse og omsorg

### Kommunehelse - kvalitet

	2017	2018	2019	2020	Mål
Utgifter til helse- og omsorgstenester pr innbyggjar	39 023	42 715	45 874	46 753	
Årsverk i helse- og omsorg pr 10 000 innbyggjar	412,7	424,2	450,7	464,4	
Andel brukarretta årsverk i omsorgstenesta m/helseutdanning	80,4	80,0	76,7	74,9	80
Nyfødt med heimebesøk innan to veker etter heimkomst i %	100	100	100	84,4	100
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim	0,50	0,5	0,45	0,44	0,33
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innb.	13,5	13,7	14	13,8	13,5

Mange av indikatorane er innafor målsetjing.

### Sosialtenestene – kvalitet

	2017	2018	2019	2020	Mål
Snitt stønadslengde for mottakarar mellom 18 og 24 år.	5,2	5,6	4,4	5,7	3,6
Snitt stønadslengde for mottakarar mellom 25 og 66 år.	5	5,3	5,8	5,1	3,4
% av sosialhjelpsmottakarar 18-24 år av innbygg 18-24 år.	6,2	6,7	6,6	6	5,0

Nokre av indikatorane syner ein liten nedgang samanlikna med året før. Å skaffe sysselsetting gjennom arbeid eller aktivitet samt halde stønadslengda kortast mogeleg er



ei prioritert oppgåve i høve mottakarar av sosialhjelp for å førebygge sjukdom og andre følgjetilstandar av lediggang.

#### Barnevern – kvalitet

	2017	2018	2019	2020	Mål
Stillingar med fagutdanning pr. 1000 barn	3,9	5,0	5,4	5,4	3,7
% undersøkingar med behandlingstid over 3 mnd.	0	5	7,7	0	0
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barneværtjenesta	4 008	5 362	9 596	10 871	5 588

Barneverntenesta er eit tenestetilbod med varierande utfordringar, både i og utanfor familie. Kostnadene pr. innbyggjar 0-17 år aukar mykje i 2020 på grunn auke av private tenester.

#### Omsorgstenestene

	2017	2018	2019	2020	Mål
Beleggsprosent Hs (korttid)	58,6	40,2	71,9	70,2	
Beleggsprosent Hs gr 1,3,4,5	99,6	98	97,6	94,5	>95
Beleggsprosent Ks	99,6	89,9	82,9	97,8	>95



## 8 Oversikt drift

### 8.1 Oversikt drift tenesteområda

#### 8.1.1 Sentraladministrasjonen

Ansvar	Ansvar (T)	B 2022	Rev b 2021	B 2021	B 2022 - Rb 2021
100	Rådmannskontoret	2 164 551	2 153 970	2 103 970	10 581
110	Stabseining personal og adm.	8 395 543	8 241 237	7 898 237	154 306
111	IKT	8 135 615	7 004 830	6 964 830	1 130 785
120	Stabseining økonomi	4 576 583	4 773 686	4 663 686	-197 103
130	Kvalitet og HMS	1 879 859	1 883 338	1 849 338	-3 479
190	Politisk sekretariat	701 110	709 054	689 054	-7 944
191	Politiske organ/org.	3 778 421	4 086 843	4 027 843	-308 422
192	Kontrollutval/revisjon, e-ombod og kyrkje m.v.	5 407 835	5 358 959	5 356 959	48 876
199	Res. løvingar, bud. mva-refusjon drift etc.	0	-811 000	-811 000	811 000
	Sum	35 039 517	33 400 917	32 742 917	1 638 600

#### Generelt

##### Ansvar 100 – Rådmannskontoret

Posten juridisk hjelp er redusert med 100 000 kr.

##### Ansvar 110 – Stabseining personal og administrasjon.

Eininga har i tillegg til drift av personal og administrasjon også felles personalutgifter for heile organisasjonen.

10 prosent resurs knytt til RS systemet (ressurstyring/turnus) er flytt til helse og omsorg. Refusjon for lønskostnadar knytt til investeringar er auka med 20 000.

Posten for yrkeskadeforsikring er auka med 200 000 grunna auka premie som følgje av Covid-19 pandemien.

Reduksjon kjøp av bedriftshelseteneste grunna ny avtale 200 000.

Det er lagt inn 400 000 til omstilling og utvikling av helse og omsorg, kompetanse og rekruteringsplan og leiarutvikling i organisasjonen.

##### Ansvar 111 IKT

Auke i driftsavtale med Sysikt 182 000.

Auke i lisensar som ligg i avtalen med Sysikt som lisensar til Acos, Visma Ent., Digivestland og MS365 total auke 1,035 mill.

Årlege kostnadar knytt til Framsikt, som vert tatt i bruk iløpet av 2022, vert rekna til om lag 250 000.

##### Ansvar 120 – Stabseining økonomi

Mindre endringar i 2022. Inventar og leasing er redusert med 11 000.



### **Ansvar 130 – Kvalitet og HMS**

HMS og kvalitetssjef arbeider førebyggjande innanfor lover og forskrifter for internkontroll og arbeidsmiljølov, samt kommunen sine interne retningsliner innan HMS-området.

Fokusområda i 2022 vil vere førebyggande brannvern, dokumentasjon av prosedyrar i kvalitetssystemet, nytte avvikssystemet til forbettingsarbeid, tiltak i høve oppfølging av sjukefråver, samt å fullføre etablering, oppbygging og integrering av kommunen sitt stoffkartotek.

### **Ansvar 190 - Politisk sekretariat**

Drifta i 2022 er vidareført som i 2021.

### **Ansvar 191 - Politisk styring og kontrollorgan**

Det er ikkje valår i 2022 og drifta er redusert med 374 000.

Det er budsjettert med medlemskontingentar til Kommunens Sentralforbund(KS), Lokalsamfunnsforening, Vest Norges Brusselkontor, Sogn regionråd, Nettverk Fjord og Kystkommunar, Industrikommune. Kontigenten til Sogn regionråd er auka med 70 000. Til disposisjon for formannskapet er det budsjettert med 100 000.

### **Ansvar 192 – Kontrollutval/Revisjon og kyrkje**

Auken skuldast kjøp av revisjonstenester er budsjettert med 740 000 og kontrollutvalet som er budsjettert med 353 000, dette inkluderer kjøp av sekretærtenester og godtgjersle til folkevalde medlemer i kontrollutvalet.

### **Teneste 39000 – Den norske kyrkja**

Tilskot til Den Norske kyrkja er 4,345 mill, som er ein auke på 70 000 frå i fjar og i samsvar med fellesrådet sitt budsjett.



## 8.1.2 Tenesteområde oppvekst

Ansvar	Ansvar (T)	B 2022	Rev b 2021	B 2021	B 2022 - Rb 2021
200	Oppvekstsjefens kontor	3 860 771	3 783 838	3 689 838	76 933
201	Flyktninger	0	-1 215 000	-1 215 000	1 215 000
210	Grunnskule - felles	2 877 404	1 732 277	1 732 277	1 145 127
211	Høyanger skule/SFO	29 096 236	31 763 191	30 899 191	-2 666 955
212	Kyrkjebø skule/SFO	8 082 910	7 850 619	7 641 619	232 291
213	Vadheim oppvekstsenter	5 392 678	6 691 432	6 515 432	-1 298 754
214	Lavik skule/SFO	8 810 278	8 107 267	7 897 267	703 011
215	Bjordal skule/SFO	5 598 250	7 139 943	6 989 943	-1 541 693
219	Høyanger norsksenter	820 917	1 134 072	1 112 072	-313 155
220	Barnehagar - felles	158 000	436 633	436 633	-278 633
221	Olderdalen barnehage	4 988 371	5 445 893	5 287 893	-457 522
222	Hjetland barnehage	6 224 015	7 291 975	7 028 975	-1 067 960
223	Kyrkjebø barnehage	4 831 870	4 805 109	4 664 109	26 761
224	Vadheim barnehage	0	-1	-1	1
225	Lavik barnehage	3 340 365	3 786 863	3 677 863	-446 498
226	Bjordal barnehage	2 548 073	1 910 525	1 851 525	637 548
230	PPR	2 584 663	2 396 475	2 355 475	188 188
299	Res. løvingar, bud. mva-refusjon drift etc.	0	-2 182 000	-2 182 000	2 182 000
	Sum	89 214 801	90 879 111	88 383 111	-1 664 310

### Generelt

Tenesteområdet har to hovedpostar:

Lønsutgifter er omlag 92%, andre driftsutgifter utgjer omlag resterande 8% av årleg budsjett. For å klare å halde seg til budsjetttramma i 2022, er det i hovudsak lønsutgifter som må justerast ned. Handlingsrommet for innsparinger er avgrensa, i og med at lønsutgiftene er knytt til faste tilsette.

I kjølevatnet av Telemarksforskning sin rapport har det kome tydelege signal om at skule- og barnehagestrukturen i kommunen ikkje skal /bør endrast. Strukturen er, slik den er stetta i dag, kostbar å drifte. Difor må ein sjå på reduksjon i lønsutgifter for å imøtekommne budsjetttramma.

Høyanger kommune har over fleire år busett eit høgt tal flyktninger. Det har ikkje vore busett flyktninger i 2021, og det ser ikkje ut til at det vert busetting i 2022. Krav til norskopplæring for busette har kontinuerleg endra seg dei seinare åra. Vi vil få 3 elevar i yrkesnorsk opplæring i 2022. Desse elevane vil vere i arbeidspraksis fire dagar i veka og få ein dag norskopplæring.

Dei seinare åra har tenesteområdet sine tenestebehov vorte endra. Nedgang i brukartal i skule og barnehage har ført til at det har vore naudsynt å sette i verk tiltak som inneber endringar på personell og i økonomisk drift. Ei stor utfordring er nedgangen vi ser på elev- og barnehageborn i økonomiplanperioden. Nedgang i tal fødde barn i åra 2017-2021 ligg framleis rundt 40%. I Høyanger tettstad er nedgangen aleine omlag 50%. Dette får store konsekvensar for drifta i barnehagane våre på både kort og lang sikt. I 2018 hadde vi til saman 8 avdelingar i Hjetland og Olderdalen barnehage. Frå hausten



2022 vil det verte i underkant av 4 avdelingar totalt i tettstaden. I inneverande barnehageår, 2021-2022, har vi til saman 5 avdelingar i Olderdalen og Hjetland barnehage. Bjordal barnehage vil frå hausten 2022 vere ein barnehage med 2 fulle avdelingar. Dette er særslig gledeleg. I Lavik og Kyrkjebø barnehagar er det det liten endring i brukartala. I Vadheim barnehage er det berre 5 plassar som er i bruk frå januar 2022. (Ein avdeling har 18 plassar t.o.).

Eit årskull i Høyanger kommune har normalt vore på rundt 60 barn. I 2017 vart det født 22 barn, 30 barn i 2018, 30 barn i 2019 og 34 barn i 2020. Det er fødd 12 barn pr. tredje kvartal i 2021.

Høyanger norsksenter er samlokalisert med Høyanger skule. Eininga hadde ei bemanning på 12 årsverk i april 2017. Sidan har nedgangen vore stor i høve teneste-produksjon. I oktober 2021 driftar ein med eit årsverk.

Dei fleste elevane vart ferdig med introduksjons-programmet i løpet av 2019. Frå 1. januar 2021 hadde vi ikkje fleire deltakarar i introduksjons-programmet.

Arbeidsmarknaden i Høyanger kommune er utfordrande. Målsettinga er å få fleire ut i arbeid.

Tilsette knytt til introduksjonsprogrammet, norsksenteret, grunnskule og barnehage som sluttar i arbeid i 2020 har ikkje vorte erstatta. Dette har samanheng med nedgang i fødde barn, som får ringverknadar inn mot tal barn i barnehage og skule. Med grunnlag i dette har oppvekst difor redusert tal stillingar i 2021 med omlag 6 årsverk. Reduksjon i årsverk har vore ein planlagt prosess, da ein over fleire budsjettår har fått ein inntektsreduksjon i tenesteområdet. Prognosar seier at inntektssvikten vil halde fram i 2022 med redusert brukarbetaling. Tenesteområdet bør redusere bemanninga med ytterlegare 3 årsverk kommande tid for å tilpasse budsjetttramma i 2022. Reduksjonen sittet over her vil ikkje gå ut over bemanningsnormen i barnehagane eller pedagognormen i grunnskule.

Gjeldande pedagognorm i barnehage (bhg) og skule :  
I skule og barnehage føl vi nasjonale føringar på bemannings- og pedagognorm.

**Barnehage:** Etter endring i 2018 (bemanningsnorm); 3 årsverk per. 14 barn, der eit av årsverka skal vere 100% pedagog (bhg-lærar)

**Skule:** Pedagognorm differensiert ut i frå tal elevar ut i frå trinn.  
Lærarnormen grunnskule: minimum ein pedagog pr. 15 elevar 1.- 4. kl. Frå 5-10 kl. er delingstalet minimum ein pedagog pr. 21 elevar. I dette skal det takast høgde for barn med spesielle behov. Det ligg ikkje føringar for pedagognorm på fådelte skular. Dette tek ein høgde for i budsjettprosessen.

For å halde budsjetttramma i 2022, er ein føresetnad at det framleis vil vere prosessar for å redusere årsverk.

I Oktober 2021 har tenesteområdet omlag 138 årsverk, måltaket i 2022 vil vere omlag 135. Det kan også verte ein reduksjon i timer til pedagogisk deling og klassar kan verte slått saman. Bemanningsnorma vil takast høgde for her. Tilsette kan i spesielle tilfelle verte nytta på tvers av einingar etter behov. Dette for å stette behovet for kompetanse til den einskilde eininga.



I einskilde tilfelle vil tilsette måtte bu seg på å endre stasjoneringstad frå hausten 2022. Det vil ikkje vere ufrivillig flytting frå Høyanger nordside til sørsida. Etter nedgang av årsverk i 2021, vil pedagogettleiken i kommunen framleis vere god samanlikna med andre kommunar i fylket. Utfordringa vil meir vere å stette rett kompetanse i den einskilde skule og barnehage.

Fokus på kompetanseheving må halde fram i 2022. Nye krav til undervisning og kompetanse må følgast opp i skular og i barnehagar. I lys av regjeringsskifte vil det verte endringar i kompetansekrava for lærarane i planperioden. Til dømes vil fleire lærarar med lang ansiennitet vere kvalifisert for undervising i grunnskulen. Likevel vil vi ha behov for lærarar med begynnaropplæring , barnehagelærarar og språklærarar i planperioden.

Frå 01.01 2021 har koordinerande eining vert organisert av tenesteområdet oppvekst. Det kan vere at koordinerande eining vert flytt tilbake til tenesteområdet helse og omsorg i 2022.

Eininga har vorte koordinert frå oppvekstsjefen sitt kontor med ca. 60 % stilling delt på to personar. Det er ikkje avklart kor mykje ressursar ein vil nyte her i 2022.

#### **Ansvar 200 Oppvekstsjefen sitt kontor**

Budsjettet er auka med 76 933, skuldast auka lønsutgifter.

#### **Ansvar 201 Flyktningtenesta**

Det er ikkje planlagt busetjing av flyktningar i 2022. Ein får heller ikkje tilskot for tidlegare busetjingar då dei var busett for meir enn 5 år sidan. Redusjonen i tilskot utgjer 1,2 mill.

#### **Ansvar 210 Grunnskule felles**

Auka kostnad på 1 145 127,- skuldast fråfall av inntekter

#### **Ansvar 211 Høyanger skule/SFO**

Budsjettet er redusert med 2 666 955,- skuldast fråfall av arbeid, redusert refusjon frå andre kommunar.

#### **Ansvar 212 Kyrkjebø skule/SFO**

Budsjettet er auka med 232 291,- skuldast auka lønskostnader.

#### **Ansvar 213 Vadheim oppvekstsenter**

Budsjettet er redusert med 1 298 754,- skuldast fråfall av arbeid.

#### **Ansvar 214 Lavik skule/SFO**

Budsjettet er auka med 703 011,- skuldast auka tenesteproduksjon.

#### **Ansvar 215 Bjordal skule/SFO**

Budsjettet er redusert med 1 541 693,- skuldast fråfall av arbeid.

#### **Ansvar 219 Norskcenteret**

Budsjettet er redusert med 313 155,- skuldast fråfall arbeid.



**Ansvar 220 Barnehagar felles**

Budsjettet er redusert med 278 633,- skuldast endring av kontering av refusjonar og lagt innkjøp av klede ut på einingane.

**Ansvar 221 Olderdalen barnehage**

Budsjettet er redusert med 457 522,- skuldast fråfall av arbeid

**Ansvar 222 Hjetland barnehage**

Budsjettet er redusert med 1 067 960,- , skuldast fråfall arbeid.

**Ansvar 223 Kyrkjebø barnehage**

Budsejettet er auka med 26 761,- skuldast auka lønskostnader.

**Ansvar 224 Vadheim barnehage (Oppvekstsenter)**

Er flytta over til ansvar 213, Vadheim oppvekstsenter.

**Ansvar 225 Lavik barnehage**

Budsjettet er redusert med 446 498,- skuldast fråfall arbeid.

**Ansvar 226 Bjordal barnehage**

Budsjettet er auka med 637 548,- skuldast auka løn til ny avdeling.

**Ansvar 230 PPT**

Budsjettet er auka med 188 188,- skuldast auka løn- og driftskostnader.

**Økonomiplanperioden**

Tenesteområdet vil få nedgang i inntekter i planperioden. Dette skuldast reduksjon i inntekter frå andre kommunar, norskopplæring minoritetsspråklege elevar, brukarbetaling barnehage og SFO.

Sjølv med reduksjon av årsverk i 2022 vil lærartettleik og bemanning i skule og barnehage vere god i høve kommunar vi kan samanlikne oss med. Per i dag er oppgåver og aktivitet i tenesteområdet god. Det er utfordrande å seie noko om kor stor aktiviteten innanfor tenesteområdet vert dei kommande åra, dersom kommunen får ytterlegare nedgang i elev- og barnetalet, samt om reduksjonen av fødde barn i kommunen held fram.



### 8.1.3 Tenesteområde Helse – og omsorg

<b>Ansvar</b>	<b>Ansvar (T)</b>	<b>B 2022</b>	<b>Rev b 2021</b>	<b>B 2021</b>	<b>B 2022 - Rb 2021</b>
300	Helse- og omsorgssjefens kontor	5 520 172	5 178 606	3 565 606	341 566
301	Helse- og omsorg - fellesutgifter	713 000	940 000	669 000	-227 000
310	Barnevern	6 389 865	7 217 026	6 597 026	-827 161
321	Psykiatritenesta	2 394 953	2 654 491	2 619 491	-259 538
325	Høyanger frivillegesentral	2 168 367	1 913 052	2 215 052	255 315
328	PU Høyanger	12 692 787	11 819 517	9 152 517	873 270
329	PU Lavik	5 346 624	5 816 299	4 094 299	-469 675
330	Helsestasjon og jordmor	3 330 927	2 837 350	2 759 350	493 577
344	Høyanger eldresenter	8 000	8 000	8 000	0
347	Open omsorg Høyanger	21 498 507	21 322 777	20 756 777	175 730
348	Open omsorg Lavik	10 764 597	11 081 733	10 880 733	-317 136
349	Open omsorg Sørsida	6 284 011	6 248 678	6 143 678	35 333
350	NAV	9 533 990	11 589 422	11 468 422	-2 055 432
360	Legetenesta	13 254 037	14 796 385	14 621 385	-1 542 348
365	Legevaktpilot	-453 901	-403 455	-403 455	-50 446
370	Fysikalsk avdeling	5 018 803	5 213 077	5 093 077	-194 274
380	Høyanger sjukeheim	25 802 041	26 052 769	25 441 769	-250 728
381	Kyrkjebø sjukeheim	21 011 786	21 463 651	20 994 651	-451 865
382	Sentralkjøkken/kantine	1 740 845	1 860 534	1 771 534	-119 689
399	Res. løyingar, bud. mva-refusjon drift etc.	0	-2 596 000	-2 996 000	2 596 000
	<b>Sum</b>	<b>153 019 411</b>	<b>155 013 912</b>	<b>145 452 912</b>	<b>-1 994 501</b>

#### Generelt

PricewaterhouseCoopers (PwC) fekk hausten 2019 i oppdrag å gjere ein gjennomgang av dagens helse- og omsorgstenester og ei analyse av framtida sine helse- og omsorgstenester i kommunen, basert på tilgjengelege økonomiske ressursar. Analysane skal inngå som grunnlag for framtidig tenesteutforming.

Tenesteområdet har utfordringar med auka kompleksitet og samansette pasientretta oppgåver der einingane opplever behov for fleire tilsette med fagkompetanse. Oppgåvene er knytt til yngre og eldre brukarar.

Utfordringar med innleige av sjukepleiarar fra vikarbyrå har i 2021 medført ein meirkostnad på ca. kr. 800.000 pr sjukepleiar. Rekrutteringsutfordringar kan også i 2022 medføre at kommunen må halde fram med å leige inn sjukepleiarar fra vikarbyrå. Det er budsjettert med totalt 2,4 mill. til innleige av sjukepleiarar i 2022.

#### Ansvar 300 Helse- og omsorgssjefens kontor

Reduksjonen i budsjettet 2022 samanlikna med revidert budsjett 2021 omhandlar kjøp av prosjektstøtte frå PWC i 2021 vedkommande omstillingsprosjektet i helse og omsorg. 0,4 årsverk utekontakt er overført tenesteområdet oppvekst.

Kommunalsjef for helse og omsorg, økonomikonsulent og konsulent er budsjetterte på dette ansvaret. Det er vidare budsjettert med 1 årsverk kommunepsykolog.



### **Ansvar 301 Helse- og omsorg - fellesutgifter**

Reduksjonen i budsjettet 2022 samanlikna med revidert budsjett 2021 omhandlar ekstraløyving i 2021 knytt til beredskapslager av smittevernustyr grunna Covid-19.

Under ansvar 301 er fellesutgifter som utgifter til kontorrekvisita til helse og omsorg sine einingar på Høyanger helsesenter, multimaskin hjå helse- og omsorgsadminstrasjon og kursutgifter til heile tenesteområdet budsjetterte. Tenesteområdet har fleire lov-pålagde kurs i løpet av året, mellom anna lov pålagt årleg brannkurs for alle tilsette, førstehjelpskurs og medikamentkurs m.m.

Ansvar omfattar også kommunen sin del av utgiftene til interkommunalt samarbeid i høve miljøretta helse-/smittevern, folkehelse og kommunen sin del av Norsk pasient-skadeerstatning.

### **Ansvar 310 Barneverntenesta**

Reduksjonen i budsjettet 2022 samanlikna med revidert budsjett 2021 omhandlar reduksjon av kostnader til kjøp av juridisk bistand og kjøp av tenester frå andre (private).

Det er 4 årsverk ved barneverntenesta.

Frå 2022 får barnevernstenestene overført ansvar knytt til rettleiing og rekruttering av fosterheimar frå Bufetat. Dette vert kompansert over rammetilskotet.

### **Ansvar 321 Psykiatritenesta**

Psykiatritenesta er organisert under open omsorg Høyanger. Det er budsjettert med 3,4 årsverk. Nedgangen i budsjettet har samanheng med reduserte lønskostnadars.

### **Ansvar 325 Høyanger frivilligsentral**

Budsjettet er ei vidareføring av budsjett 2021. Noko auka lønskostnadars. Eininga har 2,8 årsverk.

**Ansvar 328 Tiltak og tenester for menneske med nedsette funksjonevner Høyanger**  
Eininga i Høyanger har fleire ressurskrevjande brukarar med til dels omfattande tenestetilbod. Auke ibudsjettet 2022 samanlikna med revidert budsjett 2021 omhandlar eit auke i tenestetilbodet til fleire brukarar.

### **Ansvar 329 Tiltak og tenester for menneske med nedsette funksjonsevner Lavik**

Nedgangen i budsjettet har samanheng med endring i kompetanse og ansiennitet til noverande tilsette.

### **330 Helsestasjon og jordmor**

Det er budsjettert med 4,7 årsverk helsejukepleiar og jordmor. Det er budsjettert med vikar med refusjon.

### **Ansvar 347 Open omsorg Høyanger**

Open omsorg Høyanger består av heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand, avlastningstilbod og tryggleiksalarmer. Utgifter til omsorgsløn og støttekontakt for heile tenesteområdet er budsjetterte på dette ansvaret.

Aukens i budsjettet har samanheng med at det er budsjettert med 3 lærlingar i 2022 og at kommunen sin andel av fellesutgifter for velferdsteknologi og kompetansesenter aukar.



### **Ansvar 348 Open omsorg Lavik**

Open omsorg Lavik består av heimesjukepleie og heimehjelp/praktisk bistand. Budsjettet er ei vidareføring av budsjett 2021. Noko redusjon i lønsutgifter.

### **Ansvar 349 Open omsorg Sørsida**

Budsjettet er ei vidareføring av budsjett 2021. Auken i budsjettet har samanheng med forventa reduksjon i sjukeløn.

### **Ansvar 350 NAV**

Det er i 2022 budsjettert med 5 kommunale årsverk. Dette er ein reduksjon med 0,8 årsverk frå 2021, men på same nivå som 2020. Auken i 2021 handlar om prosjekt.

Økonomisk sosialhjelp er redusert med kr. 1.700.000. Dette er basert på rekneskapen pr. oktober 2021. Dei som har økonomisk stønad som einaste inntekt, skal raskast mogleg i arbeid eller i kompetansehevande tiltak. Busette flyktningar er no i større grad i kompetansehevande tiltak, eller heilt eller delvis i arbeid.

### **Ansvar 360 Legetenesta**

Tenesta omfattar kommuneoverlege, 5 fastlegeheimlar, turnuslege i tillegg til 4,4 årsverk med støtteteneste. Legekontoret i Lavik er ope to dagar pr. veke og på Søreide ein dag pr. veke.

Høyanger kommune er med i det interkommunale legevaktsamarbeidet, legevaks-telefonen og ØH-sengene i SYS-IKL. Utgiftene til samarbeidet er forventa å vere tilsvarande som for 2021.

Reduksjonen i budsjettet 2022 samanlikna med revidert budsjett 2021 har mellom anna samanheng med at kjøp av private bioingeniør januar - august. Det er ikkje budsjettert med kjøp av tenester etter dette. Det er heller ikkje budsjettert med ny bioingeniør. , Prosjektet vedkommande vidare drift av laboratoriet ved Høyanger legekontor vart grunna Covid-19-utbrotet, ikkje sett i verk våren 2020 som planlagt. Det vart inngått avtale om å leige inn tidlegare bioingeniør fram til og med august 2021 medan kommunen skal utarbeide ein ny driftsmodell for laboratoriet. Denne avtalen er forlenga til og med august 2022.

Det er budsjettert med auke i refusjonar som legane får inn på pasientane. Dette grunna at fleire av legane har gått frå å vere privatpraktiserande legar til å vere kommunalt tilsette.

### **Ansvar 365 Legevaktpilot**

Høyanger kommune vart med i legevaktpilot, nivå 3 legevaktsatelitt. Hovedmålet med prosjektet er å sikre berekraftig og forsvarleg lokal akuttmedisinsk teneste i områder som har utfordringar i tenesta. Med dette ønskjer vi å oppnå betre fagleg, pasientopplevd og organisatorisk aktivitet i dei prehospitale tenestene i fylket og etablere organisering og arbeidsmåtar som kan vidareførast etter endt prosjektperiode.

Prosjektet vert vidareført inn i første halvår 2022 med statleg finansiering. Etter det må Høyanger kommune sjølv finansiere vidare drift. Kva drift Høyanger kommune skal ha, er ikkje teke endeleg stilling til.



Innføring av legevaktsatelitt har vore utfordrande i høve sjukepleiedekning då kommunen ikkje har lukkast å rekruttere dei 2,5 årsverka som krevst i dette arbeidet.

Høyanger kommune har pr oktober 2021 9 sjukepleiarar knytt til legevakt.

#### **Ansvar 370 Fysikalsk avd.**

Budsjettet er ei vidareføring av budsjettet for 2021. Reduksjonen i budsjettet har mellom anna samanheng med justering i fastlönstilskotet kommunen får på kommunalt tilsette fysioterapeutar.

#### **Ansvar 380 Høyanger sjukeheim**

Høyanger sjukeheim er bygd for 40 pasientar.

Lønsbudsjettet 2022 er som tidlegare basert på reduksjon av tal sjukeheimslassar. Drifta er redusert med fire sjukeheimslassar grunna rekrutteringsutfordringar. Grunna trond for korttidslassar, bør fire av sjukeheimslassane vere planlagde korttidslassar.

Det er budsjettet med 2 lærlingar i 2022.

Reduksjon av tal sjukeheimslassar, grunna rekrutteringsutfordringar og vakans i stillingar, er lønsbudsjettet redusert tilsvarannde eit årsverk. Reduksjonen i budsjettet har også samanheng med forventa auke i sjukeløn og forventa fråvær som er refusjonsgivande. Dette er basert på kjente tal hausten 2021.

#### **Ansvar 381 Kyrkjebø sjukeheim**

Sjukeheimen er bygd for 24 pasientar.

Det er budsjettet med 2 lærlingar i 2022.

Reduksjonen i budsjettet 2022 samanlikna med revidert budsjett 2021 har samanheng med redusert vikarbudsjet i 2022. Det er lagt inn ein mindre auke på brukarbetaling frå pasientane. Dette baserer seg på rekneskapen hausten 2021.

#### **Ansvar 382 Sentralkjøkken/kantine**

Budsjetten syner ei netto reduksjon på kr. 75.000,- som skriv seg frå budsjettet auke i salsinntekter. Utover dette er budsjettet ei vidareføring av budsjettet 2021.

#### **Økonomiplanperioden**

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn om lag same driftsnivå som i 2021.

Høyanger kommune har kartlegg drifta i helse og omsorg med mål om lågare kostnadur og meir effektiv drift. Dette kan medføre endringar i strukturar og forslag til endringar skal handsamast i kommunestyret i 2021.

Reforma «Leve heile livet», og tiltak knytt til denne vil verte prioritert i økonomiplanperioden. Konkrete tiltak vert utarbeid i samband med kommuneplan og den påfølgande samfunnssdelen. Tiltaka vil gå på tvers av tenesteområda i kommune.



#### 8.1.4 Tenesteområde Plan og forvaltning

<b>Ansvar</b>	<b>Ansvar (T)</b>	<b>B 2022</b>	<b>Rev b 2021</b>	<b>B 2021</b>	<b>B 2022 - Rb 2021</b>
400	Felles driftsutgifter 3. etg Rådhuset	874 723	129 500	129 500	745 223
421	Plan/prosjektering og bygge-/deling/seksj.	3 648 328	3 770 256	3 700 256	-121 928
430	Miljø og næring	3 453 930	1 990 906	1 963 906	1 463 024
498	Res. løyingar, Plan og forvaltning	0	-128 000	-128 000	128 000
	Sum	7 976 981	5 762 662	5 665 662	2 214 319

##### Generelt

Tenesteområde Plan og utvikling er for tida organisert i to tenesteeiningar, Drift og vedlikehald og Plan og forvaltning. Leiarane for dei 2 tenesteeiningane rapporterer direkte til rådmann.

Tenesteeining plan og forvaltning har ansvar for forvaltning og sakshandsaming etter plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova, ureiningslova og ei rekke lover innafor forvaltningsområde tilhøyrande plan og utvikling.

Eininga har 5,9 årsverk fordelt på 7 tilsette med ansvar for fagfelt der god kompetanse er avgjerande for sakshandsaminga. Det er gjort einskilde effektiviseringstiltak for å redusere kostnadene.

##### Ansvar 400 –felles driftsutgifter 3. etasje rådhuset.

Fellesutgifter til drift av 3. etasje rådhus er budsjettet her (plan og forvaltning, drift og vedlikehald, kultur og folkehelse, samt oppvekst). Det er sett av lønsmidlar til stilling som er vakant.

##### Ansvar 421 Plan/prosjektering og bygge-/deling/seksjonering

Ansvoaret omfattar byggensakshandsaming, plansakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, samt prosjektoppfølging.

I budsjettframlegget er lønskostnadane justert/redusert i samsvar med endringar i stillingar i 2021. Gebyrinntekene på byggensak og plan er indeksregulert. Gebyra for oppmåling følgjer satsane til Sogndal kommune som utøvrer teneste for Høyanger.

Det er budsjettet med 1.000.000 til stimuleringstilskot til bustadbygging dekka av konsesjonsavgiftsfondet.

##### Ansvar 430 Miljø og næring

Ansvoaret omfattar jordbruk, skogbruk, naturforvaltning, kommuneveterinær, friluftsliv og miljøvern.

Det er budsjettet 30 000,- til skot til viltforvaltning, dekka av viltfondet, og 400 000,- i stimuleringstilskot til kjøp av gardsbruk..

Under kommuneveterinær er det budsjettet med eit grunntilskot for å kunne oppretthalde ei stilling. Det er og i budsjettet sett av driftstilskot til veterinærtenesta med 300 000,-.

Det er budsjettet med 3.000.000,- i tilskot til Høyanger Næringsutvikling (HNU).



## **Endringar i økonomiplanperioden etter 2022.**

Stimuleringstilskot til bustadbygging og gardsbruk, tilsaman 1,4 mill. er dekka av midlar frå konsesjonsavgiftsfondet. Det vil være midlar etter bruken i 2022, og må etter det dekkast av ordinære driftsmidlar.

### 8.1.5 Tenesteområde Drift og vedlikehald

<b>Ansvar</b>	<b>Ansvar (T)</b>	<b>B 2022</b>	<b>Rev b 2021</b>	<b>B 2021</b>	<b>B 2022 - Rb 2021</b>
405	Eigedomsskattekontor	479 120	476 950	476 950	2 170
410	Adm. teknisk drift og forvaltning	2 553 037	2 795 400	2 738 400	-242 363
411	Felles utesatasjon og maskinpark	8 552 874	8 316 463	8 140 463	236 411
412	Vatn - produksjon/distribusjon	-4 902 341	-4 902 160	-4 902 160	-181
413	Avløp	-4 517 739	-4 517 737	-4 517 737	-2
415	Brann- og feiarvesen	5 218 680	5 256 341	4 929 341	-37 661
416	Vegar, anna samferdsle/sikring	4 643 166	4 293 166	3 793 166	350 000
417	Fjernvarme	-250 000	-250 000	-250 000	0
440	Adm. bygg/eigedom	2 809 216	3 017 236	2 978 236	-208 020
441	Kommunale bustader/husvære	-2 626 408	-2 852 428	-3 052 428	226 020
442	Husvære i burettslag	421 872	332 772	332 772	89 100
443	Kommunale bygg, eigedomar og anlegg	21 281 965	24 590 965	24 410 965	-3 309 000
444	Husvære og andre bygg- framleige	230 000	230 000	230 000	0
445	Reinhald	10 419 368	8 287 188	8 061 188	2 132 180
446	Vaktmeister	5 179 996	5 605 749	5 453 749	-425 753
447	Høyangerbadet	3 235 070	3 059 396	2 740 396	175 674
499	Res. løyingar, Drift og vedlikehold	0	-750 000	-750 000	750 000
	Sum	52 727 876	52 989 301	50 813 301	-261 425

Tenesteområde Plan og Utvikling er for tida organisert i to tenesteeiningar kalla Drift & Vedlikehald og Plan & Forvaltning.

Drift og vedlikehald har ansvaret for kommunen sine kommunaltekniske anlegg. Dette omfattar m.a.:

Vatn, avløp, veg, grøntanlegg, kommunale bygg og idrettsanlegg.

Leiar for Drift og vedlikehald har også funksjonen som brannsjef. Brannvernet er organisert ved kjøp av tenester frå Hydro, samt frivillige brannmannskap i ytre del (Lavik/Vadheim) og på sørsida. Kommunen har eigen feiar i 100% stilling.

Renovasjon i Høyanger kommune blir utført av Simas Iks.

### **Økonomi**

Drift og vedlikehald sine økonomiske rammer er i det vesentlege vidareført i 2022 og i økonomiplanperioden. Der det er gjort endringar av noko omfang, er dette kommentert under kvart ansvar. Den største forskjellen i 2022 vert ansvara 443 Kommunale bygg og 445 Reinhald. Då kommunen skal overta institusjonsreinhaldet frå 2022, vert leigekostnadene til Høyanger bustadstifting redusert, medan reinhald vert auka med 4 årsverk.



**Ansvar 405 Eigedomsskattekontor**

Eigedomsskattekontoret har eit 20 % årsverk i tillegg til godtgjersle til nemndene. Det vesentlege av utgifter gjeld taksator og advokatutgifter i samband med klagesaker.

**Ansvar 410 Adm. Teknisk drift vedlikehald**

Reduksjon i lønskostnad. 20% stilling.

**Ansvar 411 Felles utestasjon og maskinpark**

Auka kostnader til vedlikehald av maskinpark 258 000.

**Ansvar 412 Vatn**

Budsjettet inneholder direkte utgifter og inntekter fra sjølvkostområdet for vatn. Det er sett opp eige sjølvkostrekneskap som inkluderer indirekte kostnader og kapitalkostnader. Vassgebyret vert auka med 5,2 % i 2022. Orsaka skyldast store investeringa i m.a. Ortnevik og Lavik dei siste åra. Dessutan er det lagt inn planar om ombygging av Kyrkjebø vassverk, noko også påvirkar vassgebyret. Med bakgrunn i sjølvkostreglane, så skal ikkje dei auka gebyra påvirke driftsbudsjetten til avdelingen. Derfor er kostnadene på 412 auka tilsvarende gebyrinntektene.

**Ansvar 413 Avløp**

Budsjettet inneholder direkte utgifter og inntekter fra sjølvkostområde for avløp. Det er sett opp eige sjølvkostrekneskap som inkluderer indirekte kostnader og kapitalkostnader. Avløpsgebyret vert auka med 15,4% i 2022. Hovudorsaka til auken er den store investeringa ved Sæbøtangen avløpsreinseanlegg det siste året.

**Ansvar 415 Brann- og feiarvesen**

Kostnadene i samband med lovpålagde oppgåver innanfor brann og beredskap aukar år for år. Frå 01.03.2022 kjem det krav om auka bemanning innan beredskap og forebyggande. Dette er imidlertid ikkje tatt inn i neste års budsjett, men vi må pårekne å måtte styrke bemanning innan utløpet av 2022.

**Ansvar 416 Vegrar, anna samferdsle/sikring**

Har auka budsjettet med 850 000 kroner, hovudsakleg grunna auka kostnader på vegvedlikehald. Ansvar 416 har vert underbudsjettert dei siste åra, så med den foreslalte auken er oppe på eit meir realistisk budsjett.

**Ansvar 440 Adm. bygg/eigedom**

Reduksjon i lønskostnad, skuldast reduksjon i stilling grunna permisjon.

**Ansvar 441 Kommunale bustader/husvære**

Det er budsjettert med at 85 % av husværa til ei kvar tid blir leigde ut. Dei resterande 15 % er under rehabilitering eller vert vurdert selde. Reduserte inntekter frå 2021 grunna leilegheiter som står tomme.

**Ansvar 442 Husvære i burettslag**

Reduksjon grunn tomt husvære i parken.

**Ansvar 443 Kommunale bygg, eigedomar og anlegg**

Ansvar omfattar drift og vedlikehald av kommunale føremålsbygg i tillegg til husleige for institusjonsbygg som Høyanger bustadstifting eig og driv. Forsikringar og vedlike-



